



Tingvoll, 27.7.2020

Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE – FELLINGSLØYVE PÅ SKADEGJERANDE JERV I ULVÅDALEN I RAUMA KOMMUNE

Vi viser til dykkar ref 2020/3864.


Naturvernforbundet klagar på vedtak om fellingsløyve, dagsett 17. og 22.7.2020.

Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald. Viss det er spørsmål om vår klagerett, kan vi gjere nærare greie for den på førespurnad.


Vi ber om at løyvet blir gjort om til avslag.

Forvaltingsplanen - forvaltingsområdet

I følgje forvaltingsplanen er det eit område i Rauma kommune som inngår i forvaltingsområdet for jerv. Det ser slik ut på kart:



Vedtaket som er gjort: «Fellingsløyvet gjeld innanfor Rauma kommune sin del av Reinheimen.»



Reinheimen nasjonalpark, delen som ligg i Møre og Romsdal.

Vi tar med både karta, slik at det ikkje skal vere tvil om at Reinheimen nasjonalpark i Møre og Romsdal ligg innanfor forvaltingsområdet for jerv.

I denne saka er det gitt eit løyve ut frå at det aktuelle området ligg i beiteprioritert område. 5 dagar seinare blir det oppdaga at dette var feil, men løyvet blir oppretthalde med omtrent same grunngeving som før.

Det er uakseptabelt når Fylkesmannen tar feil på eit slikt grunnleggande punkt. Det er urett når denne forskjellen ikkje fører til større endringar i argumentasjonen.

Soneforvaltinga skal vere tydeleg. I soneforvaltinga er det grunnleggande at det i prioritert beiteområde er beitedyra som har førsteretten, med den følgje at det er låg terskel for å gje skadefellingsløyve. I forvaltingsområdet er det rovdyra som har førsteretten, og tilsvarande høg terskel for å gje skadefellingsløyve. Viss ein vil drive med beitedyr i forvaltingsområdet for jerv, skal beiteverksemda innrette seg etter jerven sine behov. Det tyder at ein må inn med førebyggjande tiltak, og ein må godta større tap. Viss det likevel ikkje er mogleg å drive med sau i eit slikt område, så må ein legge om til anna verksemd.

Når tap er eit tilbakevendande problem som det blir sagt i saken her («*Det er påvist at jerven i år har starta å valde skade på sau i eit område der det tradisjonelt har vore problem med jerveskade i fleire buskpar heilt sidan slutten av 80-talet.*»), så er det ikkje sannsynleg at det er eit bestemt individ som er problemet, men bestanden. Ein finn mykje av den same argumentasjonen rundt skadesituasjonen i Fylkesmannen sitt skadefellingsløyve av 7.8.2018, der tapssituasjonen blir nemnt frå 1987. Nokon stad skal bestanden vere, og rovviltnemnda har bestemt kor hen i forvaltingsplanen.

Bestanden

Det er mål om 3 årlege ynglingar i Møre og Romsdal. Med soneforvaltinga er det eit mål at desse ynglingane skjer i Sunndalsfjella – Dovrefjell – Reinheimen. Det er i år påvist 3 ynglingar i forvaltingsområdet, 1 i Fjord og 2 i Molde kommunar.

Det er vidare registrert 3 ynglingar i Trollheimen, i beiteprioritert område. Dei 7 kvalpane som var resultatet av desse ynglingane blei avliva i hiet. Såleis har ein ikkje nokon verknad av ynglingane i beiteprioritert område.

Det er ein bestand av jerv i Møre og Romsdal som er høgare enn det forvaltingsplanen seier. Dei dyra som måtte vere for mye finst i Trollheimen. Skal ein regulere noko på dette, og samtidig ta omsyn til soneforvaltinga, så er det i Trollheimen at det ekstra jaktuttaket må skje. Kvota for lisensjakta legg opp til at dette kan skje, og framtidig verknad av ynglingane er alt fjerna i form av hiuttak.

Naturvernforbundet har klaga på vedtaket om kvote i lisensjakta. For Møre og Romsdal er klaga knytt til kvota på 2 jerv i forvaltingsområdet. Sidan jakt i beiteprioritert område nær opp til forvaltingsområdet har eit lag med å kunne påverke bestanden i forvaltingsområdet, og bestanden ikkje er høgare enn fastsett, så meiner vi at det ikkje skal vere kvote i forvaltingsområdet.

Ein bestand som gjev 3 årlege ynglingar tel tett oppunder 20 individ. Ved ein gjennomgang av DNA-påviste individ i forvaltingsområdet siste år, har ein ikkje støtte for at bestanden ligg over målsettinga. Det er ikkje direkte lettvinnt å få tak i slike opplysningar, men så langt vi har funne ut er det påvist 7 ulike individ ut frå DNA i forvaltingsområdet det siste året. Det må vere nesten to tredeler med mørketal for at dette skal gje ein bestand rundt fastsett bestandsmål. Det er difor ikkje spesielt sannsynleg at bestanden ligg over forvaltingsmålet. Forvaltingsområdet i Møre og Romsdal er relativt lite. Difor må ein rekne med at jerven er

ganske aktiv i heile området. Det er sannsynlegvis lite smågnagarar i dette fjellområdet i år, noko som gjer at jerven truleg ser etter andre typar byttedyr.

Skadeomfang og vurderingar

Det blir vist til at det er påvist tap av to søyer og at ein antar at det har kome bort lam. Alle tap er sjølvstapt sørgjelege, men dette er ikkje store tap når sau blir sleppt på beite inni forvaltingsområdet til jerven. Viss ein skal legge lista for skadefellingsløyve på dette nivået, vil ein nok snart få slutt på tap av sau til jerv – og jervbestanden.

Rovviltforskrifta § 9 set opp 4 sjekkpunkt knytt til fellingsløyve.

- a) området betydning som beitemark
- b) skadenes omfang og utvikling
- c) potensialet for framtidige skader
- d) muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak

Til a må seiast at rovviltnemnda har gjort ei overordna vurdering. Dei har bestemt at dette området er prioritert for jerven. Eventuell beiteverksemd må innrette seg etter jerven sitt behov.

Til b må seiast at det ikkje vil bli jerv igjen viss det blir gitt fellingsløyve så snart ein sau er tatt av jerv. Prisen for at det blir gjeve skadefellingsløyve i beiteprioriterte områder så snart skade er eit faktum, er at det skal ganske mykje meir til i forvaltingsområdet.

I beiteprioriterte område heiter det seg i forvaltingsplanen at tap av beitedyr kan førekomme. Når ein vurderer punkt c her, så er det ikkje så veldig mange tap som skal til før tiltak og eventuelt fellingsløyve er aktuelt. I forvaltingsområde for jerv er det normalt at det finst jerv. Det er også ein føresetnad for ynglingar at jerven får fanga og lagra seg mat. Det er såleis alltid eit potensial for framtidige skader i forvaltingsområdet. Det er ein normalsituasjon.

Punkt d går på å skilje jerv frå sau i rom og tid. Målet er at både sau og jerven skal overleve ved gjennomføringa av slike tiltak. I Ulvådalen har det i mange år vore gjennomført gjeting og vaktarhundtiltak som har gjort det mogleg å beite i området, sjølv om det ligg i forvaltingsområdet for jerv. Viss desse og eventuelt andre tiltak ikkje er nok, må beitinga avsluttast. Dette er jerven sitt område. Ein stad må jerven få vere. Rovviltnemnda har bestemt kvar forvaltingsområdet skal vere. Dei har bestemt at det skal vere etter måten lite, og det gjer at det må bli dess tettare mellom jervane i det området som er sett av.

Fylkesmannen i Innlandet har den 24.7.2020 avslått ein søknad om skadefellingsløyve i Lesja. Den saka har ein del felles trekk med saken i Rauma, men med motsett resultat, og gjeld den andre enden av det området som saka i Rauma dreier seg om.

Andre moment

Vedtaket som er gjort no kan også få verknad for rovviltnemnda sitt kvotevedtak. I Naturvernforbundet si klage av 18.6.2020 klagar vi mellom anna på kvote på 2 jerv i forvaltingsområdet i Møre og Romsdal, og meiner at kvota må setjast til 0.

Ein del av nemnte klage vil også vere aktuelt i skadefellingssaka.

Utsett iverksetting

Resultatet av eit skadefellingsløyve kan ikkje gjerast om. Vi bed difor om at klaga vår får oppsetjande verknad på vedtaket/at det ikkje blir gjeve fornya løyve.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi:
Klima- og miljødepartementet